

RADØY KOMMUNE  
 Radøy kommune, Teknisk avdeling  
 Radøyvegen 1690  
 5936 MANGER

Deres ref:  
 Vår ref: 2015/001913  
 Dato: 05.01.2015  
 Org.nr: 985399077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler



## Rapportering av vassverksdata 2014

### Drikkevatn - eit av våre viktigaste næringsmiddel!

Du har eit vassforsyningssystem som forsyner minst 50 menneske, 20 bustader/hytter, helseinstitusjon, skule eller barnehage. Du leverer eit av dei viktigaste næringsmidla som finst, nemleg drikkevatn!

Godt drikkevatn er av stor verdi for samfunnet, og plikta til å rapportere vassverksdata er forskriftsfesta (drikkevassforskrifta § 7). Dataa hjelper oss å målrette tilsyna våre, og sikrar oversyn over vassforsyningar i ein beredskapssituasjon. Mattilsynet leverer også vassverksdata til ei rekkje andre aktørar, som Vannett, Statistisk Sentralbyrå, Folkehelseinstituttet og EU. Dataa er med å danne grunnlaget for viktige politiske vedtak, både lokalt og nasjonalt.

Som vassverkseigar har du også plikt til å informere brukarane av vatnet (drikkevassforskrifta § 6). Ein fordel med å rapportere vassverksdata, er at du kan vise brukarane til aktuelle nettsider for informasjon om vasskvaliteten.

### Korleis rapportere

Du rapporterer inn vassverksdata på Mattilsynet si skjematjeneste på:  
<http://www.mattilsynet.no/skjema/>

### Fristar

- No: Oppdater informasjon om vassverket ditt. (Basisopplysningar om vassforsyningssystemet, leidningsnett, vasskjelder, vassbehandling og høgdebasseng).
- 15.februar 2015: Siste frist for å rapportere tala for 2014.
- 15.mars 2015: Frist for å kontrollere dei førebelse nøkkeltala dine og grunnlagstal på [www.fhi.no/vreg](http://www.fhi.no/vreg). Tala for kommunale / interkommunale vassforsyningar kan kontrollerast på [www.ssb.no/kostra](http://www.ssb.no/kostra). Meld frå om evt. feil til Mattilsynet sitt distriktskontor som opnar skjema for retting.
- Medio 2015: Mattilsynet og Statistisk Sentralbyrå offentleggjer endelege grunnlagstall / nøkkeltall på nettsidene sine.

## Kven kan rapportere for vassverket?

Du som skal rapportere må ha tilgangsstrett i Altinn. Ansvarleg for vassverket kan ordne dette. Merk at alle som har hatt delegert tilgangsstrett treng ei ny delegering etter 01.10.2013 (sjå vedlegg 2).

Det er ein stor fordel dersom du som rapporterer også har god forståing for drift av vassverket. Ein viktig grunn til dette er at systemet per i dag ikkje fangar opp openberre feilregistreringar, til dømes dersom du blandar måleiningane mg/l og µg/l. Sjå vedlegg 1 for meir rettleiing om utfylling av skjema.

Dersom du ikkje har tilgang til datamaskin, må du ta kontakt med distriktskontoret.

## Informasjon til deg som ikkje har rapportert før

- Pålogging skjer via Altinn, som er Statens felles innrapporteringskanal. Spørsmål om pålogging kan rettast til support@altinn.no eller på tlf. 75 00 60 00.
- Gå inn på Mattilsynet si skjematjeneste.
- Rapportar på vassverket sitt bedriftsnummer (underenhet). Hugs å hake av i vindauget «vis underenheter» og rull i feltet «vis flere». Velg så rett bedrift.
- Oppdater basisdata ved å bruke skjemaet Endre informasjon om vannforsyningssystem. Sjekk alle inntakspunkt og/eller behandlingstrinn, rett tal løpemeter, type kvalitet på leiingsnett osv.
- Dersom det er store endringar i oppbygginga av vassverket, må desse endringane sakshandsamast av Mattilsynet før de kan rapportere. Ta kontakt med distriktskontoret for meir informasjon.
- Rapportar dei årlege dataa ved å bruke skjemaet Årlig innrapportering for vannforsyningssystem.
- E-læringsguider og brukarrettleiing for Mattilsynet si skjematjeneste finst på <http://www.mattilsynet.no/skjema/>

## Fleire nyttige lenkjer:

Mer informasjon om rapportering av vassverksdata finn du på:

[http://www.mattilsynet.no/mat\\_og\\_vann/vann/vannverk/innrapportering\\_av\\_vassverksdata.4766](http://www.mattilsynet.no/mat_og_vann/vann/vannverk/innrapportering_av_vassverksdata.4766)

Aktuelle nettsider for informasjon om vasskvaliteten:

[http://www.mattilsynet.no/mat\\_og\\_vann/vann/vannverk/oversikt\\_over\\_vannverk.1878](http://www.mattilsynet.no/mat_og_vann/vann/vannverk/oversikt_over_vannverk.1878)

Drikkevassforskrifta:

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2001-12-04-1372>

På førehand takk for innsatsen med rapporteringa for 2014!

Di hjelp er viktig for å heve kunnskapsnivået om eit av Noregs viktigaste næringsmiddel.

Med hilsen

Aslaug Sandvin  
distriktssjef

  
Helge Nordal  
førsteinspektør